

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyring - endringar i universitets- og høgskulelova - uttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert framlegg til endringar i universitets- og høgskulelova, og vil kome med følgjande kommentarar:

1. Vitnemålsbank

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør opprettinga av ein nasjonal vitnemålsbank. Ei felles løysing for sektoren for dokumentasjon av fullført utdanning er eit stort framsteg for personar som tek høgare utdanning. Dei vil på ein sikker måte kunne synleggjere kvalifikasjonane sine i samband med søknad om utdanning og arbeid, og ved andre behov. Vitnemålsbanken vil og utgjere eit viktig bidrag i arbeid med å redusere omfanget av forfalsking av dokument. Ein nasjonal vitnemålsbank vil verke effektiviserande og spare høgare utdanningsinstitusjonar for mykje arbeid, mellom anna i samband med søknad om overflytting og godskriving.

Vitnemålsbanken vert eit nasjonalt register som skal innehalde identitetsopplysningar som knyter einskildstudentar til utdanningsinstitusjon. Det er studenten eller den ferdige kandidaten som aktivt må gi arbeidsgjevar eller andre tilgang til å hente ut vitnemål eller karakterutskrift. Høgskulen meiner at den registrerte sitt eigarskap til eigne resultat er sikra gjennom formuleringa *Resultater fra vitnemål og karakterutskrift kan kun utleveres fra utdanningsinstitusjonene når den registrerte selv initierer dette*.

Høgskulen vil peike på at er uklart for oss om formuleringa legg til grunn at vitnemålsbanken skal gi tilgang til vitnemål for fullførte studium inkludert karakterutskrift for fullført utdanning, eller også omfatte karakterutskrifter for fag og emne ein student har tatt som ikkje inngår i ein grad. Dersom vitnemålsbanken berre skal gi tilgang til vitnemål for fullført grad, kan ein kanskje sløyfe nemninga karakterutskrift.

2. Klageordning for SIU sine tildelingsvedtak

SIU gjer vedtak om tildeling av midlar i form av programtilskot eller stipend til norske utdanningsinstitusjonar og andre organisasjonar og til enkeltpersonar. SIU sine vedtak er for ein stor del enkeltvedtak som etter forvaltningslova sine reglar gir institusjonar og enkeltpersonar klagerett. Kunnskapsdepartementet er klageorgan for tildeling av midlar innan departementet sitt ansvarsområde.

I høyringa vert det foreslått å innskrenke klageretten når det gjeld dei skjønsmessige elementa som ligg til grunn for SIU sine tildelingsvedtak. KD presiserer at avgrensing av klageretten gjeld

innanfor eige departement, og at det framleis vil vere høve til å klage over formelle feil. Grunngevinga er at mange vedtak vert gjort ut frå faglege vurderingar som klageinstansen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere. Høgskulen merkar seg at vedtak vert gjort av eit programstyre med representantar oppnemnte etter framlegg frå UHR eller ein tildelingskomité. SIU sitt styre deltek ikkje i tildelingane. Høgskulen sluttar seg til omlegginga, og vurderer forslaget om ny paragraf 5-4 i Lova som omtalar klageordning for Senter for internasjonalisering av utdanning som rimeleg og godt grunngeve.

3. NOKUT sin akkrediterings- og tilsynsmodell

Av høringsnotatet går det fram at det er ei politisk målsetjing at NOKUT sitt bidrag til å heve kvaliteten i høgare utdanning skal styrkast, mellom anna gjennom å effektivisere NOKUT sin akkrediterings- og tilsynsmodell. UH-lova har delegert ansvaret for utdanningskvaliteten for eigne studieprogram til kvar utdanningsinstitusjon. NOKUT har fått ansvar for å kontrollere at institusjonane forvaltar fullmaktene i samsvar med krava i lova. NOKUT gjennomfører i tillegg to typar tilsyn, syklisk tilsyn med institusjonane sitt systematiske kvalitetsarbeid og tilsyn med eksisterande studietilbod.

NOKUT sitt tilsyn med institusjonane sitt kvalitetsarbeid

Departementet foreslår i § 1-6 eit tillegg som synleggjer formålet med institusjonane sitt kvalitetssikringssystem ved å føye til at *systemet skal sikre og utvikle kvaliteten i utdanningen*. Høgskulen meiner tillegget er klargjerande, og at paragrafen på ein god måte får fram forventninga om kva kvalitetssikringssystemet skal bidra til. Utvikling av kvalitetssikringssystemet har heile vegen hatt som mål å utvikle god kvalitet i utdanningane, men mange har stilt spørsmål ved om arbeidet med system og formelle krav har tatt merksemda vekk frå arbeid med utdanningskvalitet.

I § 2-1 tredje ledd vert NOKUT sitt ansvar for arbeid med akkreditering og tilsyn slått fast. NOKUT skal ha ansvar for *akkreditering av institusjonar og studium, og føre tilsyn med institusjonar sitt kvalitetsarbeid, med institusjonar og eksisterande studietilbod*. NOKUT si rolle i høve akkreditering av institusjonar og studium er vidareført. Høgskulen sluttar seg til dette. NOKUT si rolle som tilsynsorgan vert styrka gjennom denne formuleringa. Høgskulen ser at NOKUT sitt tilsynsarbeid kan gi viktig kunnskap og bidra til utvikling av utdanningskvaliteten i sektoren. Høgskulen er positiv til denne utviklinga. Samstundes vil høgskulen peike på at NOKUT ved auka tilsynsaktivitet vil påføre institusjonane nye arbeidsoppgåver som er ressurskrevjande. Høgskulen ber om at NOKUT og institusjonane sine behov for ressursar til dette arbeidet vert sett i samanheng.

Høgskulen meiner at formuleringa om at NOKUT skal føre tilsyn med *institusjonar sitt kvalitetsarbeid* er ei betre formulering enn den tidlegare formuleringa om *evaluering av kvalitetssikringssystem*. Høgskulen har gjennom arbeid med kvalitetssikringssystemet erfart at NOKUT sine råd i samband med evalueringane har vore utviklingsorientert og nyttige, og meiner at den foreslåtte formuleringa i større grad gir rom for eit utviklingsperspektiv når det gjeld kvalitetsarbeidet. Samstundes ser høgskulen også her ei fare dersom NOKUT sine fullmakter vil føre til auka krav til institusjonane med omsyn til arbeid og ressursbruk.

Høgskulen har ikkje merknader til den foreslåtte endringa i §3-3 som presiserer at institusjonen sine fullmakter kan trekkast tilbake dersom institusjonen ikkje har *tilfredsstillande kvalitetsarbeid som sikrar og utviklar kvaliteten i utdanninga der det tidlegare sto internt system for kvalitetssikring*.

NOKUT sitt tilsyn med studietilbod

Departementet byggjer i stor grad framlegg til endringar i lova på erfaringar som er gjort etter opprettinga av NOKUT. Departementet ønskjer å legge til rette for meir samanlikning av studieprogram mellom institusjonane, og legg opp til å styrke NOKUT si rolle som pådrivar for utvikling av utdanningskvalitet og styringsinformasjon i sektoren. NOKUT si rolle i samband med tilsyn vert utvida.

Høgskulen sluttar seg til dei foreslåtte endringane som er gjort i § 3-1 som gjeld *akkreditering av institusjonar og studietilbod*. Høgskulen merkar seg at både departementet og NOKUT kan fastsetje standardar og kriterier som skal ligge til grunn for akkreditering. I høyringsnotatet nemner departementet aktuelle tema for tilsyn som risikobasert tilsyn med den faglege aktiviteten, tilsyn med ei utvald gruppe studieprogram eller med fleire studieprogram for å undersøke eitt eller fleire spesifikke tema. I tillegg ønskjer NOKUT å kunne gjere hendingsbaserte tilsyn. Høgskulen stør arbeidet med å utvikle og dele kunnskap om faktorar som kan bidra til auka kvaliteten på utdanningar, men vil på ny peike på faren for at det vert ressurskrevjande for institusjonane å følgje opp og gi gode tilsvar til NOKUT sine ulike tilsyn. Det er og viktig at sektoren vert høyrd når NOKUT fastset standardar og kriterier i si studietilsynsforskrift.

Høgskulen meiner det er rett å avgrense muligheit for akkreditering av studium frå nye tilbydarar til å gjelde bachelorstudium, og ikkje mindre studium. Høgskulen meiner vidare at det er svært viktig at ordninga med eksterne sakkunnige som skal arbeide med akkreditering vert vidareført.

Det vert foreslått eit nytt §3-1 tredje ledd som viser institusjonen sitt ansvar for å akkreditere nye studietilbod og dokumentere korleis institusjonen oppfyller gitte standardar og kriterier for akkreditering. Høgskulen meiner at dette tydeleggjer på ein god måte det ansvaret institusjonane har for å forvalte egne fullmakter. Høgskulen vil peike på at det vert viktig at dei standardar og kriterier som skal nyttast vert tilpassa omfang og nivå på ulike studium. Det same gjeld krava til dokumentasjon.

Høgskulen merkar seg forslaget i § 3-1 fjerde ledd som gjeld NOKUT sine fullmakter til å trekke tilbake akkreditering av studietilbod eller institusjon. Konsekvensen av endring i lova er at institusjonane har ansvar for å til ei kvar tid oppfylle gjeldande standardar og kriterier både for studier dei har akkrediteringsrett for og for dei som NOKUT må akkreditere. Høgskulen vil peike på at det må fastsetjast rimelege overgangsordningar dersom NOKUT fastset nye og strengare krav til akkreditering enn dei som gjaldt på akkrediteringstidspunktet.

Høgskulen sluttar seg til forslag til formuleringar som gjeld akkreditering og faglege fullmakter i § 3-3.

4. Klagefrist ved forprøver

I samband med innføring av forkurs i matematikk for lærarstudentar foreslår departementet å legge til rette for kortare klagefrist for studentar på formelle feil eller karakteren ikkje greidd. Grunngevinga er at det er fare for forseinka oppstart dersom det skal kunne gjennomførast vanleg klagehandsaming med klagefrist på 3 veker slik lova elles legg opp til.

Høgskulen forstår at det kan vere tenleg med kortare klagefrist enn normalt for avvikling av sommarkurs som forkurs i matematikk, og sluttar seg til lovendringa.

Høgskulen vil peike på ein inkonsekvens i § 5-2 (1) som handlar om formelle feil: Formuleringa *Institusjonen kan fastsette kortere klagefrist enn tre uker ved ikkje bestått forprøve* bør endrast til: *Institusjonen kan fastsette kortere klagefrist enn tre uker ved formelle feil.*

Med helsing



Rasmus Stokke

Rektor



Kari Thorsen

Seniorrådgjevar